

NotatDato: 17.01.2018
Arkivsak: 2016/5571-14
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Partistøttemidler - rapportering

I melding til fylkesutvalet i september 2017 om rapportering av partistøttemidlane for 2016, nemnde fylkesrådmannen at ein ville koma attende til nærare rettleiing for rapporteringa for 2017.

Rekneskap

Fylkesrådmannen legg til grunn at partia som del av rapporteringa lagar oppstilling over bruk av partistøttemidlane der det som minimum framgår:

Godtgjersle til gruppeleiarar og leiarar for utval i partiet
Løn til sekretærar for fylkestingsgruppene
Ordinære driftsutgifter for fylkestingsgruppene

Spesifikasjonen ovanfor er i samsvar med retningslinene fylkestinget har vedteke.

I tillegg bør årsresultatet framgå og korleis dette er disponert – evt. dekkja inn. Ved overskot bør det framgå kor vidt midlane er overført til fylkespartiet, eller er tenkt nytta av fylkestingsgruppa i komande år.

Rekneskapsoppstillinga må vera revidert – t.d. av den revisoren fylkespartiet nyttar.

Årsmelding

Fylkestinget har fastsett at partia også skal gje årsmelding over dei ulike partigruppene si drift. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette er eit kortfatta oversyn med vekt på hovudpunkt for drifta gjennom året.

Frist og innsending

Fylkestinget har fastsett frist for innsending av revidert rekneskap og årsmelding til 30. juni 2018 for rapporteringa som gjeld året 2017.

Rapporteringa om partistøttemidlane kan sendast til denne e-postadressa: folkevalde@hfk.no.